

Hangar og klubbhus

Nye hangaren har i fjoråret ikkje vore fyllt heilt opp med fly til ei kvar tid. På det jamne så er der 5 fly inne. Det gjer det litt enklare med fly ut og inn, men sjølv sagt så ynskjer klubben at det er fullt, altså 6 fly inne. Dersom det er ting som ikkje fungerer praktisk i hangaren og det er årsaken at det ikkje har vore fullt med fly, så er underteikna den som skal «hengast». Er det fordi prisen for å leiga er for høg så er det styret som er rette adressen. Lånet på nye hangaren er betalt ned med ca 110 000,- i 2022

Oppfatningen til underteikna er at ting fungerer nokolunde etter intensjonen. Det våte vestlandsværet gjer sitt til at portane kan til tider gå litt tregt. Eg var ute for nokre veker sidan og fekk justert portane slik at dei i alle fall då gjekk fint. Eg driv og tenker på og undersøker om dei nedre styretappane skulle vore av ein forbetra utgave slik at det er meir å gå på i forhold til den utvidelsen som skjer når det over tid er veldig mykje regn.

Gamle hangaren fungerer også bra. På forsommaren skal eg høytrykksvaska hangaren utvendig og organisera ein dugnad for å få den malt i sommar. Litt småting ellers skal bli gjort.

Klubbhuset skulle i fjor blitt renovert utvendig med ny kledning. Dette skjedde diverre ikkje fordi tømmermannen eg skal ha med meg hadde overbooka. Nå skal det tas før sommaren. Den gamle kledningen på vestveggen går snart i oppløysning. Så tida er overmoden til å få dette gjort.

Innvendig kjem der nye ledlys i neste veke på briefingrommet. Eg har skifta eit toalett på herretoalettet som det ikkje gjekk an å reparera. Heldigvis så står lagerplassane til røylreggerane på Finnøy fulle av slike. Me spare der me kan.

Uteområdet var vel det som i fjoråret blei gjort mest med og som synes mest. Dette i forhold til at plenane ikkje blei ståande altfor lenge før dei blei klyppa. Det er godt å ha eit fint ytre når vi ligg der vi ligg. Det er ofte slik at vi blir målt innvendig på koss vi har det utvendig.

Til slutt så har eg ei bønn. Nå er det klubben som bestemmer om eg fortsatt skal ansvar for bygningsmasse og uteområde. Blir det slik så ber eg medlemmene om å ta kontakt med underteikna dersom det er noko dykk ikkje er fornøyde med, eller det er ting som dykk har ein meining om.

Arild Flesjå